



Ledige bustadtomter
Solhauglie, Rogne
Øystre Slidre kommune



SOLHAUGLIE

bustadfelt, Rogne

Øystre Slidre kommune har attraktive tomter for sal i Solhauglie bustadfelt i Rogne. Feltet ligg 13 km frå Fagernes og 27 km frå Beitostølen.

Solhauglie ligg sør/sørvestvendt, med panoramautsikt til fjella, Jotunheimen og Volbufjorden. Feltet er opparbeidd med romlege sjølveigartomter, frå 1100-2200 m2.

Tomtene ligg til Rogne skulekrins. Skulen er ein barneskule med delvis nytt og moderne skuleanlegg. Hausten 2015 opnar nye Rogne barnehage. Øystre Slidre har full barnehagedekning og garanterer barnehageplass frå barnet fyller eit år. Frå bustadfeltet er det gangavstand til skule og barnehage.

Tomtene ligg idyllisk ved eit flott friluftsområde med fine turstigar tett inntil. Øystre Slidre Statsallmenning har gode jakt- og fiskemoglegheiter for kommunen sine innbyggjarar.

Som turistdestinasjon kan Beitostølen tilby eit rikt utval av butikkar, restaurantar og aktivitetar, samt kultur- og idrettsarrangement som t.d. Trollrock, Beitostølen Fjelljazzfestival, Beitosprinten og Det Norske Fjellmaraton.

Øystre Slidre kommune er ei kulturbygd med mange frivillige lag og organisasjonar. Kulturskulen har eit breitt tilbod innan moderne og tradisjonelle kulturtrykk. Kommunen har fleire gode møteplassar for ulike aldersgrupper t.d. biblioteket, gjennom Frivilligsentralen og ungdomsklubben.

233 860,-
inkl. omk.

GEOGRAFI / INFRASTRUKTUR

Beitostølen sentrum 27 km
Kommunesenter, Heggenes 7 km
Regionsenter, Fagernes 13 km

SKULE
Rogne skule 0 km
Øystre Slidre ungdomsskule 7 km
Valdres Vidaregåande skule 18 km

BARNEHAGE
Rogne barnehage 0 km

TRANSPORT
Valdresekspressen (Fv 51) 0 km

HELSE
Helsestasjon 15 km
Legekontor 15 km
Valdres lokalmedisinske senter 13 km



Solhauglie har panoramautsikt og sol frå morgon til kveld.
foto: © Ivar Thune Hagerup




Foto: © KjellBerge Melbybråten

FINN FRAM TIL Solhauglie


FRÅ FAGERNES
Ta av på FV51 mot Beitostølen ved brua i Fagernes sentrum. Følg vegen i om lag 13 km. Ta av til høgre inn mot Solhauglie. Følg vegen i omlag 400 m, og du er framme.

FRÅ BEITOSTØLEN
Køyr sørover i retning Fagernes på FV51. Følg vegen i 28 km. Ta av til venstre inn til Solhauglie. Følg vegen i omlag 400 m, og du er framme.



OVERSIKT OVER LEDIGE TOMTER





-rein naturglede
Øystre Slidre kommune

KONTAKT OSS

Øystre Slidre kommune
Bygdinvegen 1989
2940 Heggenes

tlf: 613 52 500
post@oystre-slidre.kommune.no

www.oystre-slidre.kommune.no